



Odd Hansen AS  
Sundvegen 20  
4250 KOPERVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/18572 - 20/76725

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
02.12.2020

## Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 126/64

**Tiltak:** Utvida bruk av eksisterande avkjørsle  
**Byggestad:** Litlåsvegen – Gbnr 126/64  
**Tiltakshavar:** Johnny Håkull  
**Ansvarleg søkar:** Odd Hansen AS v/ Gunn Elisabeth Amundsen

Delegertsak nr.: 1300/20

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for einebustad datert 26.11.2020.

### Saksutgreiing:



#### Informasjon om saka:

Det vert søkt om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for einebustad på gbnr 126/64. Det er planlagt snuplass inne på tomta med lang adkomstveg til denne.

#### Vurdering/drøfting:

Litlåsvegen er ei kommunal veg som er etablert som ei eitfelttsveg med to kjøreretningar. Avkjørslane langs vegen fungerer som møteplasser. Litlåsvegen er skilta med fartsgrense 50 km/t. Avkjørsla som det søkast utvida bruk av er etablert på eit langt rett strekk. Siktsone for avkjørsla følgjer av vegnormal N100 og er ihht til fartsgrensa satt til 4 x 45 meter.





Siktsoner skal, til ein kvar tid, haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla. Det betyr at ein må sørge for å halde siktsona fri for vegetasjon og anna som tek sikt.

Svingradius i avkjørslе er ikkje vist på innsendt situasjonsplan. Svingradius for avkjørslеr frå offentleg veg er i forskrift satt til å være minimum 4,0 meter.

#### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje utvida bruk av eksisterande avkjørslе for einebustad på gbnr 126/64 på vilkår.

#### **Vedtak:**

Alver kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørslе frå kommunal veg for einebustad på gbnr 126/64 på vilkår. Løyve er gitt med heimel i veglova §§ 40-43.

Løyvet vert gitt på følgjande vilkår:

- Avkjørslе skal være opparbeida slik at den tilfredstillar tekniske krav til avkjørslе som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørslе fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørslе, sikt, svingradius, drenering under avkjørslе og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsonе skal være etablert ihht krav gitt i Vegnormal N100. Siktsonе er satt til 4 x 45 meter. I siktsoner skal ein ikkje ha sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Siktsonе kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av andre sikthindringar. Eigar/brukarane av avkjørslа skal, til ein kvar tid, halde siktsona fri for vegetasjon og annet som tek sikt i avkjørslа.
- Svingradius i avkjørslа vert sett til  $R = 4$  meter.
- Det skal etablerast snuareal på eigen grunn slik at ein unngår rygging inn i og ut i frå kommunal veg.
- Det skal, under avkjørslа, leggast ned dreneringsrør med ei indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrør skal leggast slik at overvatn frå kommunal grøft får fritt løp inn og ut av røret.

Alver kommune gjer merksam på at arbeid med utbetring av avkjørslе kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

### Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med vennleg helsing

Alver kommune

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Johnny Kjetil Håkull

Lønningsåsen 5417  
44 B

STORD

### Mottakarar:

Odd Hansen AS

Sundvegen 20 4250

KOPERVIK